

STYREPROTOKOLL

Onsdag **6. desember 2023** heldt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Siv Bente Stople Østbø.

MØTESTAD:	Haugesund rådhus, biblioteket
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 16.00 – kl. 17.30
STYREMEDLEMMER SOM MØTTE:	Siv Bente Stople Østbø, Astri Furumo og Ernst Morgan Endresen
VARAMEDLEM SOM MØTTE:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SELSKAPET MØTTE:	Dagleg leiar Odd Gunnar Høie
INNKALLING:	Godkjent
SAKSLISTE:	Godkjent

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 23/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 25.10.23

Styrehandsaming 06.12.23:

Styret hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak 06.12.23 i tråd med innstillinga:

Protokoll frå styremøte i HKS IKS den 25.10.23 blir godkjent.

SAK 24/23 REGNSKAPSRAPPORT PR. 30.10.23

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret tar regnskapsrapport pr. 30.10.23 for HKS IKS til orientering.

Styrehandsaming 06.12.23

Styreleiar kommenterte rekneskapsrapporten. Aktiviteten og kostnadane var stort sett i samsvar med budsjett, med unntak av pensjonskostandene og kostnadane til rekneskapsførar.

Styret drøfta rapporten og slutta seg til leiar sitt framlegg til vedtak.

Samrøystes vedtak 06.12.23:

Styret tar regnskapsrapport pr. 31.10.23 for HKS IKS til orientering.

SAK 25/23 STATUSOVERSIKT PR. DESEMBER 2023

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Statusoversikt pr. desember 2023 blir tatt til orientering.

Styrehandsaming 06.12.23

Dagleg leiar informerte om arbeidssituasjonen ved sekretariatet. Det var gjennomført ein vellykka opplæringskveld i Aksdal for dei nye medlemmene i kontrollutvala, med nesten 60 deltakarar. I siste halvdel av november blei det gjennomført møter i alle 10 utvala med dei nye utvalsmedlemmene.

Han forklarte om samlingar, konferansar, status for «IKA-saken» og nytt saks- og arkivsystem

Styret kom med kommentarar og fekk svar på spørsmål.

Samrøystes vedtak 06.12.23

Statusoversikt pr. desember 2023 blir tatt til orientering.

SAK 26/23 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

16. Prisendringar frå 01.01.24 iflg Addera (*unntatt off. – OFL § 23.1*)
17. Firmaattest frå Brønnøysundregistra
18. Brev frå IKA 17.10.23 om «Tilskudd til IKA 2024»
19. Møteplan 2024 – alle kontrollutvala i HKS IKS
20. Program for NKRF konferansen 31.01 – 01.02.24 på Gardermoen

Styrehandsaming 06.12.23

Dagleg leiar orienterte. Styremedlemmene kom med kommentarar undervegs. Styret bad dagleg leiar undersøkje om selskapet kan vente til representantskapsmøtet i april med å erstatte dei to varamedlemmene som hadde trekt seg.

Styremedlemmene fekk svar på spørsmål, og hadde elles ingen særskilte kommentarar.

Samrøystes vedtak 06.12.23

Referatsakene 16 – 20 blir tatt til orientering.

SAK 27/23 MØTEPLAN 2024 – STYREMØTE OG REPRESENTANTSKAPSMØTE

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret vedtar følgjande møteplan for 2024:

torsdag 22.02, 21.03, 19.09 og 05.12 kl. 16.00.

Representantskapsmøtet blir måndag **22.04.24**.

Dagleg leiar kan, i samråd med styreleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.

Styrehandsaming 06.12.23

Styreleiar gjorde greie for framlegget. Astrid Furumo informerte om at forslaget til dato i februar ikkje passa for henne. Styret blei samd om å endre møtedato til tysdag 20. februar.

Samrøystes vedtak 06.12.23

Styret vedtar følgjande møteplan for 2024:

Tysdag/torsdag 20.02, 21.03, 19.09 og 05.12 kl. 16.00.

Representantskapsmøtet blir måndag 22.04.24.

Dagleg leiar kan, i samråd med styreleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.

YMSE

Ingen saker var meldt eller blei tatt opp.

Neste styremøte: tysdag 20.02.24, kl. 16.00.

Aksdal, 06.12.23

Siv Bente Stople Østbø
Styreleiar

Odd Gunnar Høie
Dagleg leiar